

[Automatisk tekst av Autotekst med NB Whisper. Kan innehalda feil.]

[KLAUS MOHN]

Du lyttar no til ein podkast frå Universitetet i Stavanger.

Pip-pip, alle saman.

I dag skal me utforska eit fascinerande tema.

Det gjeld forholdet mellom folk og fugl.

Fuglar har alltid vore vevd inn i liva våre, men kva er det med desse fjørklede minidinosaurane som gjer at dei opptar oss?

Er det utsjånad og estetikk?

Er det åtferd og flukt?

Eller har dei ein symbolikk som treffer ei nerve hos oss?

I samtalen i dag skal vi sjå nærmare på kva fuglar eigentleg er for Noreg.

Korleis fugleinteresser kan arte seg, for ikkje å seie utarte, og ikkje minst kva fuglar i stort og smått kan representere for alle oss andre som er sånn passeleg interesserte.

Til å tenke i lag med oss har eg to gjester med ein fugleinteresse over gjennomsnittet, men sjølv om dei deler dette utgangspunktet, så har interessen tatt litt ulik retning.

Endre Harvold Kvanngreven har skrive bok om ulv i det norske kulturlandskapet, han har ein doktorgrad i nordisk litteratur, og har i doktorgraden sin studert forholdet mellom menneske og fugl i nyare nordisk skjønnlitteratur.

Karoline Holmboe Høibo er utdanna statsviter og i dag direktør for organisasjon og infrastruktur ved Universitetet i Stavanger, men på fritida er ho over alle haugar som fuglefotograf, på stadig jakt etter den ultimate fotoopplevinga.

Hjarteleg velkomne skal de vere, begge to.

Så sjølv om gjestene i dag deler interesse for fuglar, er altså ikkje utgangspunkt og retning heilt samanfallande.

Så eg begynner med deg, Endre.

Kva var det som gjorde at du opphavleg blei interessert i fuglar, og kvifor har interessen tatt den retninga han har gjort?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Det begynte vel med ein interesse for dyr generelt, og så etter kvart så tok fugla overhånd.

Eg vaks opp delvis i Botswana, og dei første artane eg kan hugse å ha sett, er artar som kanelhærfugl og savanneråke.

Og norske fuglar kom seinare, då.

Det som er spennande med fuglar, er at det er mange artar.

Dei er lette å sjå, og det er alltid nye ting å lære.

Sånn som mange andre, begynte det vel med at eg kikka gjennom ei felthandbok, og etter kvart begynte eg å gjenkjenne fleire av dei artane ute i felt, og tok det derfrå.

[KLAUS MOHN]

Men etter kvart har du altså kobla dette til interessen for litteratur og litteraturvitenskap?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Ja, altså, eg har alltid vore interessert i litteratur også, da, og så har eg alltid hatt eit slags ønske om å bryte ned grensene mellom det estetiske og det naturvitenskapelige. Så det låg på ein måte i korta at eg på eit eller anna tidspunkt måtte skrive om fuglar, da, så.

[KLAUS MOHN]

Veldig spennande, vi skal kome tilbake til både dette og forkinga di.

Kva med deg, Karoline?

Din fugleinteresse er jo av ein litt annan karakter, sjølv om utgangspunktet er det same.

Kor kjem interessen frå, og kvifor er det akkurat fotografering som har ringa deg?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Ja, faktisk så trur eg det er litt den same staten som endrar.

Det begynte med dyr, og ein litt sånn barnleg glede over spenninga med å sjå dyr.

At det er litt utilgjengeleg, og at det er ei nesten litt mystisk verd som eg ønska tilgang til.

Men da eg tok fotograferinga ...

Frå eit litt sånn amatørmessig nivå med snapshots av familiemedlemmer, til å gjere det litt meir profesjonelt, eller iallfall meir dedikert, så gjekk det fort frå dyr til fuglar, kanskje berre så enkelt at fuglar er litt meir tilgjengelege enn dyr.

Som Endre seier, dei er litt overalt, og her på Jæren som vi bur, så er det særleg gode forhold for fuglekjeking.

Og så oppdagar eg veldig fort at fuglane er så estetiske.

Altså det er mykje lettare å ta eit godt bilde av ein fund enn av ein brunbjørn.

[KLAUS MOHN]

Nettopp.

Så det er òg ein inngang til fuglelivet, dette med estetikken.

Og det finst jo ei rekkje inngangar.

Som våre to gjester demonstrerer, så kan fugleinteresse, sjølv om dei kjem frå det same staden, ta ulike retningar og få ulike utslag.

Så la oss sjå litt nærmare på ditt arbeid, Endre.

I litteraturen har jo fuglar ein lang tradisjon.

Og ofte med symbolsk betydning.

Dei kan representere alt frå fred, fridom og håp, til mørke krefter, undergang og død.

Fuglar er brukt for å speila tilstandar i enkeltmennesket, og i stort i samfunnet rundt oss.

Er dette perspektiv du kjenner igjen frå din forskning og dine erfaringar, Endre?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Absolutt, ja.

Alle sa motiva går igjen, og det er jo noko som har vore med oss heilt sidan antikken, at fuglar har blitt tolka som teikn, varslar og budbringarar, og det blei ansett som ein kunst å kunne tolke dei teikna dei brakte.

I dag reknast dei ofte som teikn på økologiske endringar og varslar om korleis naturtilstanden er.

Samtidig er det i skjønnlitteratur og lyrikk ofte sinnsstemninga hos enkeltmennesket som speiles i fuglane.

Det at dei kan fly, er kanskje det heilt grunnleggande?

At dei vekker ein slags lengsel, og så det estetiske.
Skjønnheten, friheten og håpet.

[KLAUS MOHN]

Sånn at vi på sett og vis overfører delar av oss til fuglane, og later til å tru at dei på sett og vis reflekterer delar av ein menneskeleg åtferd.

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Ja, det er mykje av det, og det har vore sånn.

Gjennom 1900-talet var litteraturforskarar og også forfattarar stort sett så berre fuglar som refleksjonar av noko menneskeleg, men så har det vore ei vending sidan 90-talet, omtrent.

I dag går det an å i staden sjå på dei, altså å leve seg inn i fuglane si livsverd, og nyare forskning har vist oss ting som rett og slett ikkje var tilgjengeleg tidlegare.

I dag er dei ofte oppfatta som ofre for menneskeleg aktivitet, og som økologiske indikatorar, da.

Akkurat.

[KLAUS MOHN]

Dersom me held oss til fuglar i skjønnlitteraturen, har dei då ei rolle og plass i litteraturen av denne typen eit universelt fenomen, eller har fuglar ei spesiell rolle i nordisk litteratur?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Det er nok universelt, altså, det er vanskeleg å sjå for seg ein mytologi utan fuglar.

[KLAUS MOHN]

Og viss det er nokre særtrekk ved fuglenes plass i litteraturen her i Norden, kva ville det vera?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Eg har funne ut at dei ofte knyttast til to ting, og det er omsorg og stedstilknytning.

Og det hadde vore interessant å sjå litt om det er noko som går igjen andre stader, eg har ein mistanke om at det går igjen ganske mange stader.

Eg skjønner.

[KLAUS MOHN]

Og i den litteraturen du har studert, er det fuglearter som dukkar opp oftare enn andre, og kva skuldast i så fall det?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Ja, altså det er jo nokon artar som mennesket har eit nært forhold til.

F.eks.

duer og småfuglane som besøker foringsbrett.

Men samtidig så har dei også dei som representerer villmark, da.

Store rovfuglar, ravn og hubro og forskjellige typar ørn.

Så det er både det heimlege, men også det ville, da, det som unnslipper mennesket.

[KLAUS MOHN]

Så her har me alt frå storken, som representerer unnfangelse og fødsel, og til raven, som varslar om undergang.

Nærmast, kan ein kanskje seie.

Så ein finn eksemplar i heile spekteret her.

Karoline, med dei mange innslaga av fuglar i litteratur og kultur, kva trur du kan forklare den sterke symbolkrafta i bruken av fuglar?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Eg trur kanskje den lettaste måten å svare på det, er å seie noko om kva det er hos dei som berører meg.

Om det er roen eg opplever når eg sit og ser på eit fuglebrett, eller litt sånn ekstasen, sensasjonen ved ... Det er som det kjem ein hønsehauk flyvande inn på det fuglebrettet. Det kan òg vere den uroen som ein flokk med kråker som flyr over himmelen ein litt grå dag, kan vekke dei.

Eller den tolske stemninga eg kan oppleve med ein lom som skrik ved eit lite skjern i skogen.

Kattugla ein sein kveld som uler.

Det er jo ikkje utan grunn at den var eit symbol på ... Eller dei seier kattugla kalla på døden var eit symbol på at døden skulle komme.

Det kan òg vere ei oppleving av kontakt.

Når eg fotograferer, så prøver ...

Eg opplever at eg treffer individ, og at eg oppnår ein kontakt og prøver å fange det i bilda. For eksempel ugla si personlegheit, som vekker eit eller anna i meg.

[KLAUS MOHN]

Og då er det ikkje berre artens personlegheit, men det er det spesifikke.

Akkurat.

Det får meg til å tenke ...

På målretting av interesse, vil du si at interessen din, Karoline, har eit mål?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Ja, det har fleire mål.

Sjølvsagt er det eit openbert mål å få det gode bildet, og det er jo drivkrafta for det beste bildet, det du enno ikkje har tatt.

Det er det som får meg opp og ut ein frykteleg tidleg morgon klokka fire, ut aleine i mørket på hovudlykta og kave rundt der i skogen.

Det er jo liksom jakta på det gode bildet.

Men så er det òg noko av det som skjer i den situasjonen, når eg ventar på det gode bildet, når eg sit i skjul og kikkar ut på ei myr og det ikkje skjer nokon verdas ting, som er ei ro og eit tilstedevêr som ikkje eg klarer å finne noko anna stad, og den blir.

Den blir trigga ytterlegare av at når noko skjer, da, så er eg så ekstremt til stades for å klare å fange øyeblikket, at eg gløymer tid og sted, og det er ein ... det er ei lykkefølelse som eg kanskje higer etter.

Som har desse to dimensjonane, ein ekstrem ro og tilstedeværelse, og denne litt meir dramatiske hendinga som eg alltid håpar skal kome.

[KLAUS MOHN]

Men er det sånn at forventningene og forberedelsene er en kjempeviktig del av det heile, og at du av og til kan oppleve en stagnasjon idet du faktisk er ute på tur og er der?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

I aller høyeste grad, og det der er ein kombinasjon.

Det var ein vinter, det var ei haukugle til Sandnes, og eg reiste ut til den haukugla sikkert ti-tjuetals gonger.

Og kvar gong eg nærma meg plassen, så kjente eg liksom at pulsen begynte å stige.

Eg lurar på om haukugla er der i dag.

Og viss ho alltid hadde vore der, så hadde eg nok ikkje kjent på den spenninga.

Viss ein aldri hadde vore der, eller aldri hadde fått til det gode bildet, så hadde eg heller ikkje orka å reise ut om og om igjen.

[KLAUS MOHN]

Nettopp.

Og deg, Endre, du er jo ikkje så opptatt, kanskje, av fotograferinga av fuglar etter det eg har forstått, men sjølv med din interesse, så drar du ut for å sjå på og sjå etter fugl.

Så kva er det som driv deg til å gjere dette?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Ja, altså, det er jo målretta i den forstand at det alltid er spennende å sjå nye artar.

Og det er jo også det å sjå igjen artar som ein ikkje har sett på ei stund.

På ein måte så bind dei ting saman, sånn som for eit par dagar sidan var eg oppe i skogen, og så plutseleg, ut av det blå, så landa det ein svartspett på ei grein foran meg og begynte å hakke på eit tre.

Den er svær, den ser ut som ein forhistorisk skapning, og det er lenge sidan eg har sett han.

Så når eg ser noko sånt, så minner det også om dei svartspettane eg har sett før, og samtidig så tenker eg jo på habitata, er dei i ferd med å etablere seg på Vestlandet no? Altså, når du ser, når du følger med på fuglar, så er det ikkje berre sjølvne fuglane, men også habitata.

Altså, viss du er ute i gammelskog eller på ei myr eller noko sånt, da, så ser du også på tilstanden og tenker på kva artar går den inn i samspel med.

Og så er det også det at altså, når du følger med på fuglar, så uansett kvar du er, så er det nesten alltid eit eller anna interessant som foregår.

Det er jo ikkje berre det der med sjeldenheita, det er også det når artar kjem tilbake om våren, så er det alltid spennande å sjå den første som kjem, og korleis dei samlar seg like etter at dei har kome hit, eller like før dei skal reise.

[KLAUS MOHN]

Eg har lyst til å dela ei erfaring sjølv om at fugleinteresse kan ta ulike retningar og ytterlegheiter, heldt eg på å seia.

Eg var på eit foredrag for to-tre veker sidan i Birdlife Stavanger med ein såkalla kryssar som fortalde om sine fugleopplevingar.

Ein kryssar er ei nisje innanfor fuglekikkere.

Som for å seie det litt enkelt, kun er opptatt av éin ting, og det er å få observert flest mogleg arter.

Den gongen eg var mest interessert i dette, for om lag 20 år sidan, var det ein klubb som heitte Trehundreklubben.

Det var for dei som hadde kryssa eller observert 300 arter i Noreg.

No lærte eg at det er ein del mennesker som har passert det 400, så interessen har verkeleg ikkje avtatt.

Den gongen, for 25 år sidan, gjekk kryssarane med personvernsøkarar i beltet.

Og når dei fekk tips om eit sted der det var ein veldig sjeldan art, ei såkalla bombe, så slapp dei alt dei hadde i hendene og stakk.

Derfor kallast personsøkjarane for bombevarslarar.

No lærte eg at teknologien har flytta seg til Internett, og du får varsel og kartplott når det observeres ein ny hjort, men framleis så slepp desse menneska alt dei har igjen.

Setter seg på første fly, og flyr til Romsdal eller til Finnmark for å få kryssa den arten dei måtte mangla.

Så det er jo ein smalare og litt annan inngang til dette.

Me snakkar om litteratur og estetikk og det ultimate fotoet osv.

Men eg fekk følelsen da eg sat på dette foredraget, at desse menneska var meir som fotballsupportarar.

Og den jubelen dei viste då dei fekk ein ny art, var den same jubelen som når fotballaget skåra eit mål, heldt eg på å seie.

Så det er veldig mange ulike inngangar og perspektivar her.

Og naturinteressen tar altså mange ulike uttrykk.

Tilbake til litteraturen, da.

Begynn med å endre, så Karoline får tenke seg litt om.

Er det eit spesielt litterært verk du vil trekke fram som viktig eller representativt, og som har fanga fuglane si rolle på ein spesielt interessant måte?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Det er veldig mykje å velje mellom, altså.

Det kjem stadig nye bøker om fuglar, både skjønnlitteratur og sakprosa, både i Noreg og utlandet, og det er mykje bra.

Men når det gjeld nyare norske romanar, så likte eg veldig godt ei bok som heiter Fyrstene av Finntjern.

Den er av Lars Elling, den kom ut i 2022.

Og den viser på ein måte korleis synet vårt på fuglar og på skogen har endra seg gjennom generasjonane.

Så den vil eg anbefale, og så ... Men no går det nesten.

[KLAUS MOHN]

Det er eit godt litteraturtips som eg noterer meg, og det håpar eg lyttarane våre òg gjer, men eg klarer ikkje la vere å stilla spørsmål no.

På kva måte har interessen endra seg?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

I den boka er det jo det at i tidlegare tider dreiv dei jo med fellefangst på trostar, for å selje dei som mat på torget og sånne ting, som er heilt uaktuelt for den nyare generasjonen.

Så frå å sjå på dei som ressursar, så har det blitt meir økologisk perspektiv, kor dei verdsettast for sin eigen del.

Samtidig har det ein gjenklang i måten me ser skogen på.

I staden for å sjå han berre ut frå kor mange kubikkmeter tømmer han produserer, så ser me på artsmangfaldet.

[KLAUS MOHN]

I mellomtida har me kome dit at me dyttar 4000 kyllingar inn i eit fjøs, viss me skal ha mat.

Og det er jo ... for glad, det òg, sånn at verda definitivt har bevegde seg, ja.

Kva med deg, Karoline?

Er det noko spesielt, litteratur eller kunstverk du vil trekkja fram?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Det er eit enormt stort spørsmål, og det endar opp med å velje av.

Det er ikkje utan grunn at det er skrive bøker om fuglar i både litteraturen og kunsten.

Men eg vil trekke fram ein kunstnar som har inspirert meg mykje.

Det er ein som heiter Torolf Holmboe, som heldt på ved århundreskiftet.

Og som regnes inn i japonismen eller art nouveau-jugendstilen.

Han var både kunstnar og illustratør, og brukte naturen i sine motiver som eit dekorativt element, og gjennom det så synest eg at han ...

Han får fram skjønnheten i naturen, som kanskje kan vekke ein interesse hos folk som ikkje utelukkande er naturinteresserte, og som kan få merksemda på at vi har vakker natur rundt oss som er verd å ta vare på.

Så det har eg tatt med meg i mine arbeid.

Eg ser jo at inngangen til naturfotografi er ganske mykje forskjellig, nokon går inn i det med ...

Altså, med den der biologi-naturvite-perspektivet.

Nokre har naturverninngang.

Ganske mange har ein meir teknisk inngang, eller fotointeresseinngang.

Nokre har den kunstnariske inngangen, og eg har nok hatt meir det, da, at ...

Eg leiter etter estetikken, og kanskje er det litt sånn, kanskje er det òg trendy tider, så akkurat sånn som i art nouveau-epoken, så gjekk kunsten og arkitekturen tilbake til naturen i ei uroleg tid, og kanskje det vi står i no òg, i ei uroleg tid så har vi behov for å søke tilbake til naturen.

[KLAUS MOHN]

Fuglar er eit mykje brukt motiv i billedkunsten.

For fotografar er det kanskje dei estetiske kvalitetane som står i sentrum, men kanskje òg som uttrykk for livskraft.

Du har allereie sagt litt om kva som appellerer til deg når det gjeld fuglefotografering, Karoline, men for å sette det til lippestissen.

Om du ser ein fugl inn i auga og ser noko du kjenner igjen der, meiner du å dra kjensle på ein personlegdom, er det det du prøver å fange i linsa, eller er kvar fugl eit uttrykk for harten?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Nei, det er det.

Det er personlegdommen, og kanskje det òg kan vekke ei merksemd om at det ikkje er berre ein trost, men det er den trosten.

Og eg drar mykje tilbake på dei same stadene.

Eg nemnde den haukugla som eg besøkte ti-sjuetals gonger.

Eg har gleda av å vere med på ein foringsplass på Jæren, der me legg ut åte og får besøk av musvåk, fjellvåk, hønsehauk.

Og det er dei same individa som kjem.

Så eg helser litt på dei og ser korleis strukturane mellom dei er, kven som er sjef i flokken og kven som er den ydmyke, og korleis dei oppfører seg.

Og det å bli kjent med individet på den måten, det gjer noko, og det prøver eg å fange når eg tar bilde.

[KLAUS MOHN]

Så viss det er to like gamle hunnfuglar, så vil du likevel sjå forskjell på dei og kjenne den eine frå den andre?

Absolutt.

Absolutt.

Veldig, veldig spennande.

Endre, med din lesning og forskning på feltet, i kva grad er desse individuelle forskjellane mellom fuglar representert i litteraturen?

Er det på den måten dei blir betrakta der òg, eller blir dei uttrykt for noko meir generelt?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Det er jo begge delar.

Med J.A.

Baker i 'Vandrefalken', f.eks., der er det sånn at dei kjenner igjen dei forskjellige falkane som individ.

Så det dukkar også opp i litteraturen.

Men generelt sett ser ikkje dei fleste forskjell på enkeltindivid, men gir også veldig på det nivået at ja, artar er spennande, men ...

Det å følge med på eit par, for eksempel, gjennom hekketida, eller noko sånt, det er endå meir spennande, for da er det historia som kjem fram.

Då kjem det predatorar, og dei prøver å beskytte ungane.

Det er såne drama som utspeler seg like framfor oss, som dei fleste ikkje er merksame på.

Som absolutt er verdt å få med seg.

Så då levde han seg inn i livet deira?

Ja, og litteraturen kan jo bidra til å fortelje seg historia, og representere ho.

Med nyere ornitologisk forskning, ringverking og GPS-logger og alt sånt, så er det nye historier som kjem fram som me ikkje har hatt tilgang til tidlegare.

[KLAUS MOHN]

Ja, men med GPS og nye måleinstrument kan me måle det som lar seg måle og observere utanfrå.

Men no snakkar me om å trenge inn i hovuda deira, omtrent altså.

Då er me vel avhengige av den enkeltes auge og hjerne for å kome djupare i det, eller kan teknologien hjelpe oss på det òg?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Altså, det kan jo formidles på forskjellige måtar, sånn som Karoline gjer det med foto.

Men det går jo også an å marre med ord, og det går jo også an med billedkunst.

Så det er jo mange inngangar, og det er kanskje noko av det som gjer at fuglane er overalt i kulturen vår.

At den berikar liva våre på så mange forskjellige plan.

At det er mange innfallsportar, da.

[KLAUS MOHN]

Det er utseendet, det kan vere prestasjonar, det kan vere estetiske kvalitetar, det kan vere kva slags assosiasjonar me gjer oss, og det kan handla om sosiale forhold og psykologi.

Karoline, er du opptatt av at kva fugl har sin individualitet?

Er alle like fengsla, eller?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Kva typar er det du fall for, då?

Det er nok nokre som der det er meir tilgjengeleg å få auge på individet, som

Som kanskje har meir umiddelbar karakter.

Altså, eg er jo spesielt fascinert av ugler.

Kvifor det?

Og det er nok ... Altså, eg trur det er så enkelt at øynene er plassert midt i fjeset, så du ...

Dei kan sjå på deg med begge øynene samtidig?

Ja, så det blir noko veldig menneskeleg.

Men så har dei karakter, det er ein tøffheit, ein sartheit, det er måten ... Dei beveger seg i lufta, så dei er jo heilt stille.

Dei er så store, og samtidig heilt lydløse.

Så du enklare oppdagar karakteren, enklare enn på ein kjøttmeis.

Og så er det kanskje noko med sjeldenheita òg.

Eg må jo innrømme at jo sjeldnare, dess morosamare.

Og det er jo kanskje noko med denne sensasjonen som eg har opplevd heilt sidan eg var veldig lita jente og hadde det nærme.

Den vanlege gleda over å sjå dyr, det er noko å få innsyn i ei litt hemmeleg verd, noko som ikkje er umiddelbart tilgjengeleg.

Både med kunnskap, så veit ein meir kor ein skal gå og kva ein skal sjå etter, og med øving så kan ein trene opp evna til å sjå.

Og dermed så er det noko med at når du da har oppnådd denne meistringa eller denne kompetansen, så er det òg ei glede i å sjå dei meir sjeldne artene.

[KLAUS MOHN]

Dei framstår som litt hemmelegsfulle, ein del av desse fuglane, gjer dei ikkje det?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Jo, eg lurar på om det er det som er litt dragningen.

[KLAUS MOHN]

Så skal me fanges av mysteriet som fuglane representerer?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Ikkje sant?

[KLAUS MOHN]

Det er kanskje dette òg som har gjort at dei har vore attraktive for litteraturen.

Kamerat Karoline kan jo speila dette gjennom spel og refleksar og teknologi osv., men litteraturen kan kanskje reflektera endå fleire og andre sider ved fuglane, immaterielle sider, som menneskelege følelsar og tilstandar.

I kva grad fuglar blir brukte for akkurat såne forhold endrar?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

I veldig stor grad, altså.

Det er sånn som, det eg i boka vil trekke fram, den heiter 'Hekketid', og den er av Kjersti Eriksson.

Den er frå 2001, og den har gått litt i glemmeboka, men den er veldig morosam, og veldig velskreven.

Og der samanliknar ho på ein måte menneska og fuglane sin hekkebiologi, på ein humoristisk måte, og påpeiker mange parallellar.

Forskjellig drama som utspeler seg der.

Det er absolutt noko med at me ser noko av oss sjølve i dei, og så føler me empati for dei.

Det handlar ikkje berre om enkeltindivid, men også om flokka.

Om du ser ein flokk med stær feie over kveldshimmelen, så er det ikkje individet som påkallar merksemd, da er det heilskapen.

[KLAUS MOHN]

Så me ser oss sjølve i fuglane, i smått og stort, kan ein kanskje seie.

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Eg har skreve mange nydelege bøker om dette.

Nature writing er jo ein sjanger som er i vekst ... Det er mitt inntrykk, eg veit ikkje hva du sier til det, Endre, men eg leste nettopp ei nydeleg bok av James Rebanks.

Ja, engelsk forfattar og bonde som har skrive mykje om det å vere bonde i England, men som kom på at han skulle skrive om fugl... Som det er ærfugl- og edderdunvirksomheten på Vega, og har skreiv bok om fuglevoktaren frå Vega, der han snakkar om det der å finne seg sjølv og finne roen gjennom å følge ærfuglen ein heil sesong.

Eg trur kanskje det, ja ...

Fuglane gir nokre assosiasjonar til den roa.

[KLAUS MOHN]

Din interesse høyrer ut som ein dras i retning av individet blant fuglane, men fotograferer du aldri fuglar i flokk?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Eg drøyer jo om denne flokken av stær, da, men eller ... Ja, Jæren er eit fantastisk sted å fotograferer vadere på, som er på trekk om hausten.

Men ... Ikkje ha dragning mot individ, altså.

Eg har det.

[KLAUS MOHN]

Kva vil du seia er vanlegast i litteraturen, og når ein behandlar fuglar, er det å sjå på dei som individ eller som sosiale grupper me speiler oss i?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Det vanlegaste er nok individ, men det er begge delar, altså.

Akkurat.

Ja.

[KLAUS MOHN]

Det tar oss kanskje litt inn i dei økologiske sidene, for eg trur alle kan vere einige om at fuglane er ein viktig del av landskapa vi lever i. Dei har eit nært forhold til sitt eige habitat, og når leveområda endrar seg, så vil òg fuglelivet bli påverka.

Og dette reiser spørsmålet om kor stort ansvar vi som menneske bør ta for forholdet mellom fuglar og landskapa i Reyvass.

Og ikkje minst kva rolle auka merksemd og observasjon av fuglar kan spela for forholdet mellom folk og fugl.

Og det er vel det som er noko av det som driv interessen frå ornitologiske foreiningar.

Nettopp at auka merksemd kan gi betre kår og vern av fuglar.

Men viss me begynner med at fuglar ...

har både i seinare og eldre tid blitt brukt som indikatorar på helse i økosystemet.

Ein høyrer at endringar i økosystemet fører med seg endringar i fuglelivet, og at dette er ei utvikling som går raskare enn nokon gong.

Eg las nyleg at det har forsvunne.

Sidan 1980 500-600 millionar fuglar frå den europeiske faunaen.

I det som er ein langsamtgåande fugledød i vår del av verda, i alle fall.

Har de sett denne type utviklingstrekk med egne auge?

Altså, begge to er jo ...

Er ting i endring, Endre?

Ser du tegn på at ting er i endring i områda du vandrar i?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Ja, ein ser jo det at det blir mindre myr, det blir mindre gammelskog og stadig meir utbygging med nye vegar og nye boligfelt, og det pågår jo heile tida.

I Noreg blei det mykje skade for mange tiår sidan med all utbygginga av alle elvedeltaa.

Og det pågår framleis.

Nedbygging er jo hovudtrusselen mot fuglar.

Så leveområda er først og fremst det dei treng.

Så det er eigentleg det viktigaste me kan gjere for å beskytte fuglar, er å ta vare på leveområda deira.

Og det betyr jo det at å satse på fortetning i staden for vidare utbygging, og utbetre gamle vegar i staden for å bygge nye, og prøve å få tilbake noko av det som har gått tapt.

[KLAUS MOHN]

Kva med deg, Karoline, har du, sa du, utviklingstrekk her som gjer inntrykk på deg?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Ja, altså, eg reiser jo kvar vår, så passar eg på å få med enten Tiurleik eller Orrhaneleik.

Det er fantastisk å vakne opp i eit telt oppe i fjellet eller i skogen og høyre lyden av denne leiken om morgonen, og eg veit om.

Fleire tiurleikar som har forsvunne pga. hogst.

Orrhaneleikar som har forsvunne pga. hyttebygging.

Eg hadde ein episode for ikkje så lenge sidan.

Ein bekjent som kom, var i ekstase og ville fortelje meg om ei fugleoppleving og hadde sett orrfuglar utanfor hytta si og syntest dette var så stas.

Men det gjorde vondt i magen, for det er ikkje sikkert at orrfuglane er så glade for å få denne nye hyttenaboen.

Ja, ein ser jo mykje, altså, og ein får eit forhold til det når ein fotograferer, eg hugsar ikkje den runden med fugleinflensa for snart to sommar sidan, på Ekkerøya i Finnmark.

Der har eg vore og fotografert, og det var ei magisk oppleving å sjå det livet.

[KLAUS MOHN]

Krykkje?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Som er ein måkekart?

Ja, og som på grunn av full influensa blei kraftig redusert.

[KLAUS MOHN]

Dette får ein jo til å kjenne på ein tapsfølelse, kanskje, som ein snikande følelse av tap.

Og er det ein følelse, Endre, som er behandla litterært, og som du finn reflektert i dei bøkene du har studert?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Absolutt, ja, altså, det der med fugleinflensa, altså, det ser ein jo også på Svalbard, så er det jo mange av artane der at ein tredjedel av bestandane har forsvunne i løpet av dei siste par åra, men du ser blant anna, når det gjeld fugleinflensa, så er det ei bok som heiter Skriverholmen, av Olav Løkken Reisopp.

Og der er fugleinflensa eit tema, og korona også, da.

Men det fell fuglar frå himmelen, og det er eit endetidstegn.

Men det er noko som går igjen generelt, altså.

At fuglar blir eit bilde på økologisk sorg.

Men, og eg har også sett det i Afrika, at gribbane er i ferd med å forsvinne, og det er tilbakegang over heile planet, eigentleg.

Men samtidig vil dei fremheve det at den bringar òg håp, da.

Når trekkfuglane kjem tilbake, når trua artar held stand, til tross for forringinga.

Og du ser jo, i vår tid har me også sett det, f.eks.

havørna har kome tilbake til Oslofjorden.

Vandrefalken og fiskeørna er i ferd med å bli vanlege igjen, etter å ha vore på eit bondepunkt pga.

forureining og miljøgifter.

Så eg tenker også at det å verdsette det som er igjen, er ein viktig del av å prøve å få tilbake noko av det som har gått tapt, men også ...

Når ein verdset det som er der, er det større sannsynlighet for at ein vil prøve å ta vare på det.

[KLAUS MOHN]

Nettopp, dette blei litt glummi og dusters, så viss vi skulle prøve å avslutte i ei litt meir positiv vending, kva tenker de, både Jørs og ser de noko teikn som kan gi optimisme når det gjeld merksemda rundt fuglar og fugleliv, Karoline?

[KAROLINE HOLMBOE HØIBO]

Eg synest Ingvar Ambjørnsen har sagt det så fint, han sa at mange av artene som var vanlege da eg var gutunge, er på veg ut, og for menneske som ikkje ser forskjell på pilfink og spjærv, så eksisterer ikkje dette problemet.

Så kanskje me kan bidra med å spre kunnskap og interesser.

[KLAUS MOHN]

Engasjement er eit nøkkelord.

Kva tenker du Endre, vil det hjelpe?

[ENDRE HARVOLD KVANGRAVEN]

Absolutt, eg trur at det er nøkkelen.

Michael Hundeide kallar det naturhistorisk entusiasme, og eg tenker at det er det som er nøkkelen i barnehage og skule.

Viss du får med ungane ut, og dei lærer seg dei vanlege fuglane og plantane i nærområdet sitt, da er det større sjanse for at dei vil bevare eller forvalte dei.

på ein meir ansvarleg måte enn forfedrane deira gjorde.

Så absolutt.

Og eg ser også teikn til at det er aukande interesse, til tross for naturtapet.

Det kjem stadig fleire bøker, så det finst grunnar til å håpe, altså.

[KLAUS MOHN]

Men det var betre, no satte me i ei meir positiv retning, og me kan landa.

Fuglar og fugleliv speiler eit breitt sett av roller i livet vårt.

Dei er symboler i litteraturen, dei er motiv i kunsten, og dei er ein integrert del av landskapa og økosystema rundt oss.

Fuglane inspirerer til observasjon, til ettertanke og ikkje minst til kunstnariske uttrykk.

Dei gjev oss viktige leietrådar om tilstanden i naturen og kva retning utviklinga peikar.

Det er ikkje greitt å vera fugl i dag, song Stavanger-ensemblet allereie for 40 år sidan, men problemstillinga er høgst aktuell.

Og om dette har meldt mykje av dagens gjester, så tusen takk til Endre og Karoline for at de har aust av vindsikta deira med tankeverkande perspektiv på det breie og samansette perspektivet mellom fugl og folk.

Takk òg til dykk som lytta, og vel møtt i neste episode.

Du har nå lytta til en podkast fra Universitetet i Stavanger.